



Error! Not  
a valid  
filename.

AUSTRHEIM KOMMUNE

## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 16.06.2021  
**Møtestad:** Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 13:00 - 18:35

Bjørn Inge Dyrkolbotn tiltrådte møte kl. 15.33 i sak 051/20

Merk møtestart klokka 13.00, litt servering klokka 16.00.

Utanom kommunestyret, generalforsamling i AS Austrheim Næringssselskap.  
Papira til det i eiga utsending.

Orienteringssak før politiske saker:

- Nærværsprosjektet (Sissel Berge Monslaup)

Orienteringssaker etter politiske saker:

- Status ulike prosjekt (Thomas Lindås)
- Fondsbruk (Bjørnar Fjellhaug)

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognnes	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
-----------------------------------	-------

Hardy Pedersen	AP
Lise Renate Helle	SP
Marita Terese Bru	BIA
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF
Rikke Heldal Hope	H

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Idar Johan Hopland	AP	Varamedlem
Renee Hansen Semmingsen	BIA	Varamedlem
Hege Ramsland	H	Varamedlem
Stein Kåre Løvslett	KRF	Varamedlem
Gro Kaland	SP	Varamedlem

---

**Desse møtte frå administrasjonen:**

Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Kristin Nesbø, Monika Kvamme, Odd Harald Dommersnes, Thomas Lindås

---

Austrheim 25. juni 2021

Per Lerøy  
ordfører

Ketil Tjore og Kristin Nesbø  
møtesekretærer

## Sakliste

Saknr	Tittel
041/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
042/21	Godkjenning av møteprotokoll
043/21	Meldingar
043/21.1	Søknad om å etablere eit ukrainsk minnesmerke i Austrheim
043/21.2	Austrheim kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 02.06.2021
044/21	Orienteringssak
045/21	Førebygging av utmarksbrann i Austrheim kommune
046/21	Kvalitetsreforma Leva heile livet (2019-2023) i Austrheim Kommune
047/21	Skifte av namn på smitteoverlege i smittevernplan i samband med overlegepermisjon
048/21	Behov for å få utarbeida tilstandsrapport på Nordliheimen
049/21	Sommarfullmakt til ordførar
050/21	Etablering av Fensfjorden PPT frå 01.01.2022
051/21	Årsmelding for 2020 for Austrheim kommune
052/21	Godkjenning av rekneskap 2020
053/21	Rekneskapsrapport fyrste tertial 2021
054/21	Budsjettjustering fyrste tertial 2021
055/21	Rullering av økonomiplan
056/21	Ekstraordinær tilførsel til premiefond
060/21	Partshjelp til Alver kommune i samband med søksmål frå Equinor

## **041/21: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **16.06.2021 KOMMUNESTYRET**

Bjørn - Inge Dyrkolbotn (Sp) kjem i møte omlag kl. 16.00

Ordførar ba om at ein gjennomførte Generalforsamling for AS Austrheim Næringssselskap før kommunestyremøte.

Ordførar ber om at det vert teke opp ein ekstra sak i slutten av møte, om sak frå Nettverk av Petrolumskommunar.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 041/21 - 16.06.2021 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **042/21: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **16.06.2021 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 042/21 - 16.06.2021 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **043/21: Meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

### **16.06.2021 KOMMUNESTYRET**

Det vart diskutert om ein skal ta stilling til søknad i meldingane i Meldingssak i kommunestyret. Ordførar Per Lerøy sa at meldingane vert viste, og om kommunestyret ønskjer å gå vidare med dei, må administrasjon eventuelt laga saksutgreiing til eit seinare møte.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at dette ikkje høyrer ut som om noko kommunestyret skal gå vidare med.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 043/21 - 16.06.2021 - Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

---

## **043/21.1: Søknad om å etablera eit ukrainsk minnesmerke i Austrheim**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

### **16.06.2021 KOMMUNESTYRET**

### **KS - 043/21.1 - 16.06.2021 - Vedtak:**

---

## **043/21.2: Austrheim kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 02.06.2021**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

## 16.06.2021 KOMMUNESTYRET

### KS - 043/21.2 - 16.06.2021 - Vedtak:

---

#### 044/21: Orienteringssak

#### Rådmannen sitt framlegg:

## 16.06.2021 KOMMUNESTYRET

Sissel B. Monslaup, styrar Kaland barnehage, orienterte om Nærværprosjektet. Sjå vedlagt presentasjon.

Varaordførar Inger-Lise Brekke (H) sa at dette er eit veldig bra prosjekt, og at bruk av appen kan vere eit tips for andre når det gjeld førebygging.

Helge Dyrkolbotn (KrF): Skryt til prosjektet. Spørsmål om bruk av appen: Kva funksjon har den og korleis blir det følgd opp?

Sissel Berge Monslaup forklarte at ein kan skrive kommentarar, dei er anonyme. På denne måten kan det kome fram ymse som folk elles ikkje vil si. Dei har luka vekk problemstillingar som at noko utstyr ikkje fungerer, og at ein her ser meir på arbeidsmiljø. Tek opp saker/tema i leiargruppa og personalmøte. Appen ordnar ikkje arbeidsmiljø, men gir ein peikepinn om kor utfordringane ligg. Gjentakande problem kan ein da ta fatt i. "Ei pulsmåling. "

Monika Thorpe (Ap) - har begynt på Nordliheimen. 60% svarprosent ved første måling. Er det rutinar på korleis det blir vidareført i systemet vårt?

Sissel Berge Monslaup: vi skriv prosjektrapport. I prosjektgruppe og styringsgruppa får dei informasjon om prosjektet og resultat jamleg.

Anne Dahle Austrheim (KrF): - kva er endring i samband med eigenmeldingar?

Sissel Berge Monslaup svara med eit eksempel: Tidlegare fekk styrar telefon tidleg på morgon, no har dei som rutine at dei ringer barnehagen, der vert skjema fylt ut og lagt på ein fast plass. Dei har vidare rutinar for kven dei skal kontakte for å fylle vakta til den som er vekke. No har alle eit ansvar her, ikkje berre styrar, og styrar kan no heller bruke tid på å ta seg av den som er sjuk. Rutinane vert terpa på jamleg.

Ordførar Per Lerøy (AP) - Dette er eit svært bra prosjekt.

Orienteringssaker etter politiske saker:

Før disse orienteringane, som var heilt til slutt i møtet, gjekk representanten Reidar Øksnes.

- Fondsbruk

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om dei midlane som står på fond, kva som er bunde/ubunde og planar for å få brukt desse midlane. Noko av denne orienteringa vart utsett til møtet 24. juni.

- Status ulike prosjekt (Thomas Lindås): Denne orienteringa vart utsett.

### **KS - 044/21 - 16.06.2021 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

### **045/21: Førebygging av utmarksbrann i Austrheim kommune**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune løyver kr. 100.000 til tiltak for førebygging av utmarksbrann omkring Åråsfeltet og område sør for kommunesenteret. Midlane vert teke frå

Austrheim kommune løyver kr. 100.000 til tiltak for førebygging av utmarksbrann omkring Åråsfeltet og område sør for kommunesenteret. Midlane vert teke frå 251080048 Fond - komp.retaksering verk og bruk. *Kommunen skal motverke attgroing av opne landskap gjennom aktiv landskapsforvaltning og effektive landbrukstiltak. Dette vil me få til gjennom å utarbeida kommunal temaplan mot attgroing, med mål, strategiar og tiltak.*

### **16.06.2021 KOMMUNESTYRET**

foreslått av:

Austrheim kommune løyver kr. 100.000 til tiltak for førebygging av utmarksbrann omkring Åråsfeltet og område sør for kommunesenteret. Midlane vert teke frå 251080048 Fond - komp.retaksering verk og bruk.

Avdelingsleiar Asbjørn Nagel Toft orienterte om saka.

Renee Hansen Semmingsen (Bygdelista) kom med framlegg i møte: I samfunnsdelen av kommuneplanen heiter det:

*Kommunen skal motverke attgroing av opne landskap gjennom aktiv landskapsforvaltning og effektive landbrukstiltak. Dette vil me få til gjennom å utarbeida kommunal temaplan mot attgroing, med mål, strategiar og tiltak.*

I tråd med føringane i kommuneplanen sin samfunnsdel skal Austrheim kommune så snart som økonomisk mogleg utarbeida temaplan mot attgroing der førebygging av utmarksbrann skal ha høg prioritet. Inndekking skal skje gjennom budsjettjustering i 2021 eller i budsjett for 2022.

Asbjørn Nagel Toft: Det er laga ein rapport som kan leggjast fram for kommunestyret.

Aslak Bakke (H) - fekk svar om korleis planen er elles, sidan rapporten kjem. Er det midlar ein kan søkje om til slike tiltak?

Asbjørn Nagel Toft - Det beste er å gi tilskot til beiterydding. Aktive bønder, ope landskap. Kommunestyret bør prioritere beiterydding og aktivt landbruk.

Ordførar Per Lerøy (Ap) - desidert beste måten å førebyggja er aktivt beitebruk. Landskapet blir enklare å sløkkja ved brann. Må vurdere om vi skal følge opp og løyva midlar.

Reidar Ulvøy (AP) - Vi må ha Sotrabrannen i bakhovudet. Dette er positive tiltak. Kva med private eigedommar, vi må tenkje på desse også. Kan vi få til ein årleg kontroll for heile kommunen og kan eventuelt Brann - og redning vere nokon som kan ta dette tilsynet?

Per Lerøy (AP)- Vi kan sjå til telestasjonen så vil vi sjå kor alvorleg situasjonen er. Har vore dialog med Telenor og grunneigarar og opplever positivitet, men skal private rydde betingar det at det ikkje påfører grunneigarane kostnader. Kommunen må kanskje gå inn med midlar. Telesentralen er eit viktig punkt.

Monika Thorpe - BBK er ute og sjekkar med helikopter, men det er lite som bli teke ned. Kan vi presse meir på BKK og grunneigarar? Modalen har ein god ide med kommunale Geit med GPS sporing.

Asbjørn Nagel Toft - Det er tanken å halde fokus oppe på dette tema i samarbeid med grunneigarar.

Reidar Øksnes (SP) - landbruk, stønad og risiko er noko ein må sjå i samanheng. Kommunen har forpliktelsar i ulike området. Rydde området er ein ting, men det å få sett opp gjerde slik at ein kan ha beitedyr, det er svært viktig. Kanskje ikkje geit som er viktigast enda. Svært mange hus som er fritidsbustader, der ingen bur der fast og det vert naturleg rydda mindre. Viktig å sjå på område i Høgeberget. Vi skal ikkje omprioritere nå, men må vere merksam på andre områder. Brannsikkerheit, og tilkomst er også viktig. Må ta dette på alvor, greitt at vi bruker 100.000,- og tek med framlegg frå Bygdelista, men vi må ta dette vidare. Sjå på heilskapen og lage ein strategi og ta det gradvis framover.

Per Lerøy (Ap) - Vi har saker på sakslista fordi vi tar det på alvor. Grunneigarane som ikkje bur i kommunen kan og vere skeptiske til å gå igang grunna kostnader.

Reidar Ulvøy (Ap) - Private fråflytta gardsbruk, har vi mange av. Skal vi prøve å løfte saka og tenkje annleis. Elles forøvrig heilt einig med Reidar Øksnes.

Morten Sognes (H) - Vi skal forhalda oss til mange eigarar. Svært bra viss vi får plan på plass. Geit fungerer svært bra, dei kan brukast vedlikehald, men det er svært viktig at ein tar ned dei større trea og.

Asbjørn Nagel Toft - Arbeidet er viktig i alle kystkommunar og ein jobbar med det kontinuerleg. Også i samband med andre planar om til dømes Heiane plan. Vi må vere føre var og få rydda landskapet. Attgroingsfasen er farlegast.

Inger Lise Brekke (H) - Vi kan gjere meir så snart som økonomisk mogeleg. Framlegg er litt for ope. Kostnader må fortløpande presenterast for kommunestyret slik at ein kan ta stilling til det. Vise til samfunnsdelen, der det skal vere prioritert

Per Lerøy (AP) - Vedtak som foreslått, men vise til samfunnsdelen, ber om at kommunedirektøren skal utarbeide plan som oppfølging.



Konstituert kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug - Entreprenørar kan arbeide vidare i sommar, derfor ønskeleg med midlar no. Midlane kan ein ta frå 251080048 Fond - komp. Retaksering verk og bruk

Framlegg til vedtak: Austrheim kommune løyver kr. 100.000 til tiltak for førebygging av utmarksbrann omkring Åråsfeltet og område sør for kommunesenteret. Midlane vert teke frå 251080048 Fond - komp. Retaksering verk og bruk.

Per Lerøy (Ap) - Er Bygdelista med på dette framlegget viss vi legg til det med samfunnsdelen i kommuneplanen?

Renee Hansen Semmingsen (Bygdelista) svara bekreftande på dette.

Handsaming i kommunestyret:  
Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **KS - 045/21 - 16.06.2021 - Vedtak:**

Austrheim kommune løyver kr. 100.000 til tiltak for førebygging av utmarksbrann omkring Åråsfeltet og område sør for kommunesenteret. Midlane vert teke frå 251080048 Fond - komp. retaksering verk og bruk. *Kommunen skal motverke attgroing av opne landskap gjennom aktiv landskapsforvaltning og effektive landbrukstiltak. Dette vil me få til gjennom å utarbeida kommunal temaplan mot attgroing, med mål, strategiar og tiltak.*

---

#### **046/21: Kvalitetsreforma Leva heile livet (2019-2023) i Austrheim Kommune**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

1. Den skisserte planen for reforma Leve heile livet - Gode liv for eldre i Austrheim Kommune vert vedtatt slik den ligg føre (2019-2023)
2. Tiltak som vert gjennomført skal gjerast innanfor dei økonomiske ramma til avdeling helse og omsorg. Eventuelle kostnader framover må vurderast ved budsjett 2022.

#### **16.06.2021 KOMMUNESTYRET**

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme orienterte om saka - Dette er ein samfunnsreform og har vi ein plan kan vi søkje om midlar.

Helge Dyrkolbotn (KrF) - Var litt kritisk ved førre behandling, men no er det ein svært god plan som vi kan jobbe etter.

Handsaming i kommunestyret:  
Framlegget til vedtak vert samrøystes vedteke

#### **KS - 046/21 - 16.06.2021 - Vedtak:**

1. Den skisserte planen for reforma Leve heile livet - Gode liv for eldre i Austrheim Kommune vert vedtatt slik den ligg føre (2019-2023)
2. Tiltak som vert gjennomført skal gjerast innanfor dei økonomiske ramma til avdeling helse og

omsorg. Eventuelle kostnader framover må vurderast ved budsjett 2022.

---

### **047/21: Skifte av namn på smitteoverlege i smittevernplan i samband med overlegepermisjon**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunedirektøren får fullmakt til å endra planar der namn står til funksjon og at det vert gjennomgåande i kommunale planar at det vert nytta tittel/funksjon i staden for namn.

I smittevernsplanen vert namn endra med funksjon, slik at det til ei kvar tid er fungerande smitteoverlege som har ansvar for smittevernet i Austrheim kommune.

#### **03.06.2021 FORMANNSKAPET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er ønskeleg å endra planar slik at roller er knytte til funksjon og ikkje namn, både generelt og i dette konkrete tilfellet for Smittevernplanen.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **FS - 075/21 - 03.06.2021 - Vedtak:**

Kommunedirektøren får fullmakt til å endra planar der namn står til funksjon, og at det vert gjennomgåande i kommunale planar at det vert nytta tittel/funksjon i staden for namn.

I smittevernsplanen vert namn endra med funksjon, slik at det til ei kvar tid er fungerande smitteoverlege som har ansvar for smittevernet i Austrheim kommune.

#### **16.06.2021 KOMMUNESTYRET**

Saka gjeld å legge funksjon inn i plan istaden for namn.

Handsaming i kommunestyret:

Vedtaket vert samrøystes vedteke

#### **KS - 047/21 - 16.06.2021 - Vedtak:**

Kommunedirektøren får fullmakt til å endra planar der namn står til funksjon og at det vert gjennomgåande i kommunale planar at det vert nytta tittel/funksjon i staden for namn.

I smittevernsplanen vert namn endra med funksjon, slik at det til ei kvar tid er fungerande smitteoverlege som har ansvar for smittevernet i Austrheim kommune.

---

## **048/21: Behov for å få utarbeida tilstandsrapport på Nordliheimen**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek at det kan starta eit arbeid med å lyse ut anbod på å få ein tilstandsrapport på Nordliheimen.

Kostnadsramme vert sett til inntil kr 400 00,-. Inndekning vert gjort i kommunedirektøren si budsjettjustering hausten 2021.

Saka om tilstandsrapport på Nordliheimen vert utsett og teken opp i samband med budsjettbehandling for 2022.

Kommunestyret ser ikkje at det er økonomisk forsvarleg å bruke kr. 400.000,- på forskot no. Dette er ei viktig sak, men må vente til 2022 for å sikre dekning på budsjett.

Kommunestyret vedtek at administrasjonen kan starta eit arbeid med å innhente tilbod på utarbeiding av tilstandsrapport på Nordliheimen.

Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med kostnad for arbeidet med med tilstandsrapport og korleis dette skal dekkast inn.

### **03.06.2021 FORMANNSKAPET**

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme orienterte om saka.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein må sjå på meir enn berre veggjar og tak, men oppgraderingar også elles for å gjera bygget tenleg. Her svara Monika Kvamme at det gjeld også fiber og velferdsteknologi. Morten Sognnes (H) ba om at tilstandsrapporten er differensiert slik at ein ser bygg for bygg.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 076/21 - 03.06.2021 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek at det kan starta eit arbeid med å lyse ut anbod på å få ein tilstandsrapport på Nordliheimen.

Kostnadsramme vert sett til inntil kr 400 00,-. Inndekning vert gjort i kommunedirektøren si budsjettjustering hausten 2021.

### **16.06.2021 KOMMUNESTYRET**

Utsetting foreslått av: Helge Dyrkolbotn

Saka om tilstandsrapport på Nordliheimen vert utsett og teken opp i samband med budsjettbehandling for 2022.

Kommunestyret ser ikkje at det er økonomisk forsvarleg å bruke kr. 400.000,- på forskot no. Dette er ei viktig sak, men må vente til 2022 for å sikre dekning på budsjett.

Fellesframlegg foreslått av:

Kommunestyret vedtek at administrasjonen kan starta eit arbeid med å innhente tilbod på utarbeiding av tilstandsrapport på Nordliheimen.

Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med kostnad for arbeidet med med tilstandsrapport og korleis dette skal dekkast inn.

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme orienterte om saka

Ordførar Per Lerøy (Ap) - Gjer merksam på at det er ein null for lite i framlegget til vedtak.

Helge Dyrkolbotn (KrF) - Støtter at ein må ha ein gjennomgang for Nordliheimen. Spørsmålet er om det klokt å ta ei rullering til hausten for kr 400.000,- . og heller ta det inn i budsjettet for 2022.

Framlegg til vedtak frå KrF. i møte:

*Saka om tilstandsrapport på Nordliheimen vert utsett og teken opp i samband med budsjettbehandling for 2022.*

*Kommunestyret ser ikkje at det er økonomisk forsvarleg å bruke kr. 400.000,- på forskot no. Dette er ei viktig sak, men må vente til 2022 for å sikre dekning på budsjett.*

Konstituert kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug - Ein bør halde litt tilbake når det gjeld ekstra bevilningar, det kan innarbeidast i budsjett. Så kan ein starte rett over nyttår. Ser at saka er viktig. Dette må gjerast, Nordliheimen er den som står for døra no. Er det noko som skal prioriterast ekstra i haust, bør det vere Nordliheimen.

Monika Thorpe (AP) – Nærværingsprosjektet viser at det er høgt sjukefråvær på Nordliheimen, delvis grunna fysiske arbeidsforhold. Kjempviktig at vi kjem i gang med denne rapporten så snart som mogeleg. Skal vi utsette til 2022, vil det ta for lang tid.

Helge Dyrkolbotn (KrF) - Er einig med Monika Thorpe, bør vere prioritert, ein kan gå ut med anbod no og ta atterhald om at det blir midlar i budsjettet.

Reidar Øksnes (Sp) - Vi har ei pakke med midlar. Når vi får framlegg om auka bruk, bør det vere eit forslag om kor ein skal ta det frå. Ikkje berre budsjettjusteringar. Bør ikkje avd. for bygg behandle dette. Vi ønsker alle dette, men vi må vite kor vi tar pengane frå. Ønskjer at vi skjerper oss inn på måten vi erfaringsmessig har gjort det. Vi må vite kva vi har og kva vi skal bruke det til.

Anne Dale Austrheim (KrF) - Intensjonen i vedtaket er så bra. Skulle ønske at vi kunne sagt ja med ein gong, No har vi akkurat hatt ei sak om utmarksbrann, forrige møte med budsjettjusteringar, men vi har eit behov for å få ei litt meir ryddig styring på økonomien. Det handlar ikkje om at vi ikkje ønsker å få tilstandsrapporten, men vi må ta det i budsjettet.

Bjørnar Fjellhaug - dette er bakgrunnen for at vi har skrive vedtaket slik. Vi har ikkje vore ute på anbod. Vi kan kome attende til summane.

Vi er ikkje formelt ute av Robek, kan ikkje nytte midlar no, men vi kan ta forarbeidet og det er det som er intensjonen i saka. Kommunalsjefen for Helse og Omsorg jobbar tett med PBO/eigedom. (svar til Øksnes). Tar til etterretning at vi ikkje har vore tydelege nok på kor vi skal ta midlane frå.

Inger- Lise Brekke (H) - Ber om gruppemøte

AP framlegg - Endre frå anbod til tilbod.

*Kommunestyret vedtek at det kan starta eit arbeid med å lyse ut tilbod på å få ein tilstandsrapport på Nordliheimen.*

*Kostnadsramme vert sett til inntil kr 400 00,-. Inndekning vert gjort i kommunedirektøren si*

*budsjettjustering hausten 2021.*

Bjørnar Fjellhaug - viktig at ein går ut å få inn tilbod. Kan bruke hausten på dette. Treng ikkje bruke ekstra midlar i haust, men legg det inn i budsjett. Tidsnok at tilstandsrapport kjem i 2022.

Reidar Øksnes (Sp) - Vi treng ein tilstandsrapport. Skal ikkje sette to saker opp mot kvarandre. Det kan dukke opp noko som gjer at Nordlheimen må prioriterast. Vi kan ikkje stemme mot at rapporten blir laga.

Gruppeleiar møte for å lage felles framlegg:

Kommunestyret vedtek at administrasjonen kan starta eit arbeid med å innhente tilbod på utarbeiding av tilstandsrapport på Nordlheimen.

Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med kostnad for arbeidet med med tilstandsrapport og korleis dette skal dekkast inn.

KrF trekker sitt framlegg.

Formannskapet trekker sitt framlegg.

Fellesframlegg:

Kommunestyret vedtek at administrasjon kan starta eit arbeid med å innhente tilbod på utarbeiding av tilstandsrapport på Nordlheimen.

Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyre med kostnad for arbeidet med med tilstandsrapport og korleis dette skal dekkast inn.

Handsaming i kommunestyret:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke

#### **KS - 048/21 - 16.06.2021 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek at administrasjonen kan starta eit arbeid med å innhente tilbod på utarbeiding av tilstandsrapport på Nordlheimen.

Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med kostnad for arbeidet med med tilstandsrapport og korleis dette skal dekkast inn.

---

#### **049/21: Sommarfullmakt til ordførar**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret gjev ordførar sommarfullmakt til å avgjere saker frå 25. juni 2021 til første ordinære kommunestyre etter ferien 23. september 2021. Saker som er avgjort etter fullmakt, vert lagt fram for kommunestyret som referatsak i møte den 23. september 2021.

#### **16.06.2021 KOMMUNESTYRET**

Konstituert kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.

Ved å ha ei slik fullmakt kan ein få avgjort saker som skulle oppstå i sommarferien.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes vedteke

**KS - 049/21 - 16.06.2021 - Vedtak:**

Kommunestyret gjev ordføraren sommarfullmakt til å avgjere saker frå 25. juni 2021 til første ordinære kommunestyre etter ferien 23. september 2021. Saker som er avgjort etter fullmakt, vert lagt fram for kommunestyret som referatsak i møte den 23. september 2021.

---

**050/21: Etablering av Fensfjorden PPT frå 01.01.2022**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre godkjenner etableringa av Fensfjorden PPT og vedlagt avtale. Ein vedtek også vertskommunesamarbeid med Austrheim som vertskommune.

**03.06.2021 FORMANNSKAPET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.  
Handsaming i formannskapet:  
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 077/21 - 03.06.2021 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre godkjenner etableringa av Fensfjorden PPT og vedlagt avtale. Ein vedtek også vertskommunesamarbeid med Austrheim som vertskommune.

**16.06.2021 KOMMUNESTYRET**

Konstituert kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.  
Handsaming i kommunestyret:  
Samrøystes vedteke.

**KS - 050/21 - 16.06.2021 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre godkjenner etableringa av Fensfjorden PPT og vedlagt avtale. Ein vedtek også vertskommunesamarbeid med Austrheim som vertskommune.

---

**051/21: Årsmelding for 2020 for Austrheim kommune**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre godkjenner årsrapporten for 2020 for Austrheim kommune.

**03.06.2021 FORMANNSKAPET**

Konstituert kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om arbeidet med Årsrapport 2020, som er

gjort tilgjengeleg i den digitale løysinga Framsikt.

- Frå 2021 vert årsrekneskapen og årsrapporten lagt i same sak.
- Legg opp til strategisamling for kommunestyret til hausten, mellom anna med tanke på eigarskap og representasjon.
- Vert tøft økonomisk framover, der ein mellom anna må flytta ressursar over frå skule til helse, med den folketalsutviklinga ein har.
- Rekneskap og årsmelding er godkjent. At det er atterhald frå revisor heng saman med nye krav for oppsett, og formalitetatar som heng saman med den siste oppdateringa av kommunelova.

Per Lerøy (Ap) refererte frå kontakt med revisor, om at rekneskapen er godkjent, og at det er starta ein prosess for på sikra at dei formelle feila vert retta og ikkje kjem tilbake neste år. Lerøy la til at med Framsikt er det lettare å ha oversikt over budsjett og rekneskap.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at tala er veldig lett tilgjengelege med denne løysinga, greitt å finna fram til det ein ønskjer å finna.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det skal leggjast ut ein PDF-variant saman med vedlegga, og at det elles skal ordnast utskrift som er tilgjengeleg i Servicekontoret. (Servicekontoret bidreg med dette)

Inger Lise Brekke (H) sa at storparten som er gjort er bra, dei feila som er gjort med årsmeldinga reknar ein med er retta til neste år. Brekke spurte om skuleverket har tilgang til informasjonen som ligg her i Framsikt, lokalkjent informasjon er kjekkare for skuleborna i undervisninga. Her stadfesta Fjellhaug at dette er mogleg å bruka.

Odd Harald Dommersnes, kommunalsjef økonomi- og personal, sa at det har vore diskusjonar kring om Framsikt var godkjent for levering av årsrekneskapen. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at kommunen har krav på å driva med digitalisering, og revisjonen må henga med.

Inger Lise Brekke (H) og Helge Dyrkolbotn (KrF) uttrykte begge tillit til at rekneskap og rapport er gjort på ein god måte.

Morten Sognnes (H) sa at også revisjonen må oppdatera seg etter dei nye løysingane som kjem.

Handsaming i formannskapet

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

### **FS - 069/21 - 03.06.2021 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre godkjenner årsrapporten for 2020 for Austrheim kommune.

### **16.06.2021 KOMMUNESTYRET**

Konstituert kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka. Årsmeldinga er frå 2020-utgåva over i digital drakt, med den digitale løysinga Framsikt. Sidan dette er første året med Framsikt-løysinga, er det ting her som ein reknar med skal bli betre i kommande årsmeldingar.

Er i dialog med revisjonen for å få årsmeldinga og årsrekneskapen heilt i tråd med dei krava som ligg i den nye kommunelova, samt at ein vert samde om korleis den digitale årsmeldinga skal leverast. 2020 enda med overskot, slik at ein etter godkjenning av årsmelding og årsrekneskap kan senda melding til Statsforvaltar og formelt komma ut av Robek-lista.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at årsrapporten er moderne og inneheld den informasjonen ein treng.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det var laga ein grundig årsrapport, om også er nyttig for det vidare arbeidet, med oppstilling av utfordringar.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes vedteke.

### **KS - 051/21 - 16.06.2021 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre godkjenner årsrapporten for 2020 for Austrheim kommune.

---

## **052/21: Godkjenning av rekneskap 2020**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

1. Kommunestyret vedtek Austrheim kommune sin årsrekneskap for 2020.
2. Kommunestyret vedtek å disponere årets rekneskapsmessige mindreforbruk til avsetning for disposisjonsfond kr. 6 622 326,65,-.

### **03.06.2021 FORMANNSKAPET**

Odd Harald Dommersnes, kommunalsjef økonomi- og personal, orienterte om arbeidet med årsrekneskapen. Denne er for 2020 laga både i Framsikt og som eit eige vedlegg som vart produsert for revisor.

For overskot 2020 og 2021 er det føringar frå Statsforvaltar om at kommunen skal setta dette av til disposisjonsfond.

Per Lerøy (Ap) sa at det er bra at det er samsvar mellom budsjett og rekneskap, både på inntekter og utgifter. Tidlegare år har det gjerne vore ei gliding der auka inntekter har gitt auka utgifter, utan politisk vedtak. Skal vera politiske vedtak for å auka utgiftene.

Odd Harald Dommersnes viste til at ein frå 2019 til 2020 ikkje auka utgiftene, særleg er det innan barnehage og skule god kontroll på utgiftene. Inger Lise Brekke (H) spurte om dette går ut over tilbodet til elevane, her svara kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug at det ikkje har gått ut over tilbodet til borna, men at det ikkje er heldig over tid å bruka så mykje mindre midlar enn budsjettet. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at barnevern slo positivt ut i 2020 med eit mindreforbruk på kring 2 millionar kroner.

Odd Harald Dommersnes, kommunalsjef økonomi- og personal, gjekk gjennom tala slik dei ligg i Framsikt, under Økonomi og Personal.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til vedtak gjort i Alver om å setta tilknytingsgebyret for vatn til landbruksbygg likt med avgifta for vanlege hus. Betalar forbruket etter eigne satsar. Dette bør gjerast i Austrheim også.

Odd Harald Dommersnes, kommunalsjef økonomi- og personal, viste til at kostnader til interkommunale samarbeid går opp utan at kommunen har påverknad. Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at det ikkje er mogleg å plussa på 1,1 millionar kroner årleg på desse IKS-samarbeida, kommunen må vurdere kva tilbod ein bør delta i.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om dei tilboda som vert gitt er gode nok, der det er reduserte utgifter, slik det har vore etter barnevernssamarbeid med Alver. Her svara Odd Harald Dommersnes at det handlar ein del om at Alver som større kommune kan forhandla seg til betre prisar.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

### **FS - 070/21 - 03.06.2021 - Vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek Austrheim kommune sin årsrekneskap for 2020.
2. Kommunestyret vedtek å disponere årets rekneskapsmessige mindreforbruk til avsetning for



disposisjonsfond kr. 6 622 326,65,-.

## **16.06.2021 KOMMUNESTYRET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka. Tala viser mellom anna at kommunen har klart å halda budsjetta på personalutgifter. Elles har ein klart å redusera renteutgifter i 2021, desse var på 4,6 millionar i 2020.

Er framleis i Robek-registeret til Statsforvaltar har registrert det som skal registrerast, sannsynlegvis er dette klart i august.

I samband med kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen viste Dommersnes til at det er ein del nytt i samband med at ein har gått over til Framsikt. Framover har ein inngått eit samarbeid med Stord kommune, som også brukar Framsikt, for å sikra at alt er på rett plass i samband med årsrekneskapen for 2021.

Dommersnes viste til at kommunestyret er suverene til å disponera mindreforbruket i 2020, men at Statsforvaltar har lagt føringar på det bør settast av til disposisjonsfond.

Revisor Janne Eraker sa at framstillinga av tala i årsrekneskapen ikkje følgjer krava etter lov og forskrift fullt ut, det gjev at det er sett atterhald i godkjenninga. Talmessig er dette eit godt rekneskap, og rekneskapen er sett opp på ein god og oversiktleg måte. Det er framstillinga som er utfordrande. For dei som brukar rekneskapen er det ikkje vesentleg informasjon som manglar, og det er ikkje noko som er utelete med vilje.

Eraker sa vidare at det er kjempebra at det er teke i bruk digitale løysingar som Framsikt, og revisjonen ønskjer å henga med på den digitale utviklinga. Men det må vera mogleg å dokumentera at dokumenta for rekneskap og årsmelding er låste per dei datoane som gjeld for innlevering, der fristane er 22. februar for rekneskap og 31. mars for årsmelding.

Revisjonssjefen orienterte om at det pågår ein samanslåingsprosess der Nordhordland revisjon IKS har slått seg saman med Indre Hordaland Revisjon til Vestlandsrevisjon IKS, gjeldande frå 1.1.2021. Eraker er no revisjonssjef i både Vestlandsrevisjon IKS og Nordhordland revisjon IKS. Kan ikkje leggja ned sistnemnde IKS før alle selskap som brukar denne er overførte, og det er det øvste organ i det enkelte selskap som må vedta bytte av revisor.

Vestlandsrevisjon IKS femner om kommunane/herada Voss, Ullensvang, Ulvik, Eidfjord, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy. Vestlandsrevisjon IKS har kontor på Knarvik og Voss, og har no mange kommunar der ein kan dra nytte av samarbeid.

Handsaming i kommunestyret:  
Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **KS - 052/21 - 16.06.2021 - Vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek Austrheim kommune sin årsrekneskap for 2020.
  2. Kommunestyret vedtek å disponere årets rekneskapsmessige mindreforbruk til avsetning for disposisjonsfond kr. 6 622 326,65,-.
-

## 053/21: Rekneskapsrapport fyrste tertial 2021

### Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret tek tertialrapporten til vitande.  
Investeringsmidlar til kyrkja kan betalast ut no (200.000 kroner).

### 03.06.2021 FORMANNSKAPET

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, gjekk gjennom saka.

- Denne typen finansrapport vil bli gitt ut til formannskapet i samband med handsaminga av tertialrapportar framover.
- Det finansreglementet som kommunestyret vedtok i 2020 følger ein ikkje per no, men kjem etter kvart i hamn, mellom anna med å oppfylle kravet om at det skal vera fastrente på minst 33 prosent av låneporteføljen.
- Ser at det er mogleg å få betre vilkår ved konkurranseutsetting, og det hjelper også at kommunen no er ute av Robek-lista.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er bra med engasjement rundt dette med økonomi.

Inger Lise Brekke (H) sa at arbeidsløysetalen er Austrheim no under 3-talet, det er ei bra utvikling.

Per Lerøy (Ap) viste til at kostnadene til personale er over budsjett, må vera på vakt for at dette ikkje utviklar seg.

Odd Harald Dommersnes sa at ein må sjå på dette med sjukefråvær. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa om dette at ein må kunna forventa at folk er på jobb, og at dei løyser dei oppgåvene som arbeidsgjevar har behov for å løysa. Skal ha fokus på sjukefråvær, og har sett i gang eit eige nærversprosjekt der Sissel Berge Monslaup skal jobba med nærvær for heile kommunen.

Inger Lise Brekke (H) sa at ein må jobba både med å få ned sjukefråvær, og med førebygging. Må jobba med arbeidsmiljøet, for å unngå at det skjer konflikter eller anna som over tid kan føra til sjukefråvær.

Morten Sognnes (H) sa at det er bra med fokus på sjukefråvær. Kva er samanhengen mellom Koronapandemi og pålegg om å halda seg heime, og sjukefråværet? Her svara Bjørnar Fjellhaug at ein ikkje ser ein direkte link mellom Korona og fråværet. Der dei er tettast på, som legekantoret, er fråværet lågast.

Inger Lise Brekke (H) spurte om korleis det er tenkt kring heimekontor? Har det slått positivt ut med fleksibilitet kring heimekontor.

Odd Harald Dommersnes sa at det er langtidsfråvær som er utfordrande. Har over 20 personar til ei kvar tid med langtidsfråvær. Er ein lenge vekke, er det tungt å komma tilbake til jobb etterpå. Det er desse ein må ta fatt i, og hjelpe tilbake igjen.

Per Lerøy spurte om kvifor det er avvik på Administrasjon og Undervisning, her svara Bjørnar Fjellhaug at det viser betre om ein skil ut Vaksenopplæringa som eigen post, for slik å få betre oversikt over kvar pengane går.

Odd Harald Dommersnes sa at det er sett opp større investeringar enn det er midlar til, slik at ein må sjå på kva som skal prioriterast her.

Helge Dyrkolbotn (H) spurte om kva som er med i sjukemeldingstala, Odd Harald Dommersnes svara at det er langtidsfråværet som er problematisk, fråvær på grunn av sjuke born med meir er ikkje med i desse tala.

Inger Lise Brekke (H) sa at ein må sjå på arbeidsmiljø med tanke på arbeidskultur og relasjonar.

Odd Harald Dommersnes spurte om investeringsmidlar til kyrkja (200.000 kroner), formannskapet sa at dette kan betalast ut no.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak, med tillegg om at investeringsmidlar til kyrkja kan betalast ut no (200.000 kroner)

**FS - 071/21 - 03.06.2021 - Vedtak:**

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak, med tillegg om at investeringsmidlar til kyrkja kan betalast ut no (200.000 kroner)

**16.06.2021 KOMMUNESTYRET**

Vedtaksframlegg frå formannskapet foreslått av:

Kommunestyret tek tertialrapporten til vitande.

Investeringsmidlar til kyrkja kan betalast ut no (200.000 kroner).

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

- 1 prosent opp i rente kostar kommunen 2,6 millionar i auka renteutgifter.
- Har byrja å låsa renta på ein del lån, slik reglementet tilseier.
- Deler opp låneporteføljen, slik at det ikkje er lån som er på meir enn 25 prosent av totalen.
- Låner av ulike bankar, no KLP og Sparebank Midt-Norge som dei siste.
- Når ein er ute av Robek-lista, vil det gje betre lånevilkår for kommunen.
- Utgiftene viser at det må takast kontroll på personalutgiftene, med tanke på sjukefråvær.
- Skatteinntektene er gode, det er dette som finansierer budsjettjusteringane ein har gjort.
- Statsforvaltar gav denne veka 750.000 i ekstra skjønstilskot til kommunen.
- Eigedomsskatten er på budsjett, det er også andre inntekter.
- Vaksinasjon kostar, mykje av dette arbeidet skjer på overtid.
- Samla for Korona er utgiftene på 6,5-7 millionar så langt for 2021.
- Kjøkkenet har god kontroll på økonomien, og gjer det bra på inntekter.
- For brøyting ser ein at det må budsjetterast med meir.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

**KS - 053/21 - 16.06.2021 - Vedtak:**

Kommunestyret tek tertialrapporten til vitande.

Investeringsmidlar til kyrkja kan betalast ut no (200.000 kroner).

---

**054/21: Budsjettjustering fyrste tertial 2021**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for fyrste tertial 2021.

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for fyrste tertial 2021.

Kommunestyret ber om at kommunedirektøren legg fram ein meir detaljert plan for korleis løyvinga til planarbeidet for kommunehuset skal nyttast. Denne planen må leggjast fram for kommunestyret når saka skal opp til endeleg behandling der.

Det vert sett av inntil kr 100.000,- til oppgradering av hagen på oppsida av Nordliheimen.

### 03.06.2021 FORMANNSKAPET

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, gjekk gjennom saka. Ser ikkje at det kan brukast meir enn 1 million kroner til ombygging av kommunehuset, med dei utgiftene ein ser vil komma seinare i haust, mellom anna må det settast av 350.000 kroner til rekruttering av ny kommunedirektør.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at han er samd med dette om å komma tilbake med ein plan for arbeidet med kommunehuset, men det er ønskje om å få ei ramme no.

Thomas Lindås sa at reinsking av Servicekontoret vil kosta 100.000 kroner. Per no ser det ikkje ut for at det vert mindre enn 1 million for ombygging, heller meir. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er klart at ein million kan vera for lite, men at ein ønskjer å ha ein plan slik at politikarane kan seia si mening om kva som bør prioriterast.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er gjort budsjettjusteringar og legg opp til fleire, der alt er saldert mot auka skatteinngang. Er dette sikkert nok? Dommersnes svara at det er på grunn av usikkerheit at det er sett opp ein million og ikkje to millionar til kommunehuset.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er tenkt frå politikarane at det skal gjerast noko som ikkje må rettast igjen om nokre få år. For Fensfjorden PPT er det viktig å ha eit godt tilbud, sidan ein skal visa seg fram for andre kommunar.

Per Lerøy (Ap) sa at det må gjerast så skikkeleg som mogleg. Sjå etter kva som er hensiktsmessig, kanskje sjå om enkelte tenester kan flyttast til leigde lokale, som til dømes bibliotek og Frivilligsentral. Treng møterom med lydisolering.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein gjerne må sjå langt fram i kartlegginga, men setta opp kva ein må gjera no innanfor denne millionen. Inger Lise Brekke (H) sa seg samd i at ein kan tenka langt framover men ikkje gjera alt no, men la til at det som vert gjort må vera i tråd med det som er tenkt på lengre sikt.

Per Lerøy (Ap) ga som døme at ein kan seia at HC-toalett i 1. etasje kan vera tilstrekkeleg i første omgang.

Kommunaldirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er fleire ting som spelar inn:

- Legga til rette for Fensfjorden PPT.
- Tenka tryggleik.
- Kvar skal servicemottaket vera plassert i bygget?
- I andre kommunar er gjester avhengig av å ha avtale, loggar seg på når dei kjem og vert henta av den som avtalen er med.
- Stemmer som det er sagt at det er mangel på møterom med tilstrekkeleg lydisolering.

Inger Lise Brekke (H) spurte om kva oppgåver som skal ligga i eit publikumsmottak/innbyggarservice, og kvar det skal ligga. Kan ligga i senteret, det vil skapa aktivitet og også vera heldig for næringslivet der. For det som skal vera på kommunehuset kan ein sjå på om det er mogleg å samla publikumstenester i 1. etasje.

Per Lerøy (Ap) sa at det må leggast godt til rette når ein inviterer andre kommunar inn i samarbeidet om Fensfjorden PPT.

----

Per Lerøy (Ap) viste til framlegget frå H og AP om pengar til hagen ved Nordliheimen. Dette handlar også om andre kommunale eigedommar, at den tilsette ser på eigdommen ein jobbar ved, og tar ansvar der. (Framlegget frå Ap/H ligg ved møteboka)

Kommunalsjef Thomas Lindås sa at ein skal jobba med eigarskap til der ein jobbar. Det gjeld alle

avdelingar og alle tilsette.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er eit haldningsarbeid som må gjerast i heile organisasjonen, på fleire felt.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det kanskje er annleis no enn tidlegare, at det er lettare å be at teknisk skal ordna dette.

Inger Lise Brekke (H) sa at ein må sjå på om det er mogleg å invitera pårørande og andre inn til dette arbeidet.

Morten Sognnes (H) sa at dette med robotklypparar kan vera noko å satsa på, for å frigjera arbeidstid. Her svara Bjørnar Fjellhaug at dette er noko å prøva ut. Sognnes sa vidare at det er bra å dela opp oppgåvene og gje den tilsette sitt arbeidsområde som dei skal ta ansvar for.

Handsaming i formannskapet

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak, med tillegg av innspelet frå Ap/H:

H og Ap støttar kommunedirektøren sitt forslag til budsjettjusteringar, men ber om at kommunedirektøren legg fram ein meir detaljert plan for korleis løyvinga til planarbeidet for kommunehuset skal nyttast. Denne planen må leggjast fram for kommunestyret når saka skal opp til endeleg behandling der.

I tillegg foreslår H og Ap at det vert sett av kr 100.000,- til oppgradering av hagen på oppsida av Nordliheimen.

#### **FS - 072/21 - 03.06.2021 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for fyrste tertial 2021.

H og Ap støttar kommunedirektøren sitt forslag til budsjettjusteringar, men ber om at kommunedirektøren legg fram ein meir detaljert plan for korleis løyvinga til planarbeidet for kommunehuset skal nyttast. Denne planen må leggjast fram for kommunestyret når saka skal opp til endeleg behandling der.

I tillegg foreslår H og Ap at det vert sett av kr 100.000,- til oppgradering av hagen på oppsida av Nordliheimen.

#### **16.06.2021 KOMMUNESTYRET**

Fellesframlegg frå formannskapet, endra av kommunestyret foreslått av:

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for fyrste tertial 2021.

Kommunestyret ber om at kommunedirektøren legg fram ein meir detaljert plan for korleis løyvinga til planarbeidet for kommunehuset skal nyttast. Denne planen må leggjast fram for kommunestyret når saka skal opp til endeleg behandling der.

Det vert sett av inntil kr 100.000,- til oppgradering av hagen på oppsida av Nordliheimen.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Ordfører Per Lerøy (Ap) viste til at det står midlar på fond som må brukast. Mellom anna til retaksering av verk og bruk. Her er arbeidet gjort, og skal ikkje gjerast igjen før om 8 år.

Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om at det vert retta til at det er felles framlegg frå formannskapet. Dyrkolbotn ba om at det vart sett *inntil* 100.000 kroner til hage på Nordliheimen.

Konstituert kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det skal sjekkast kva som er bundne fond, men dette som Lerøy nemner er fritt.

Ordfører Per Lerøy (Ap) sa at fond for eigendel til steinalderplass ved Fosnstraumen kan ein også bruka av.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for fellesframlegget frå formannskapet, inkludert at det skal heita at det kan brukast *inntil* 100.000 kroner til hage på Nordliheimen.

### **KS - 054/21 - 16.06.2021 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for fyrste tertial 2021.

Kommunestyret ber om at kommunedirektøren legg fram ein meir detaljert plan for korleis løyvinga til planarbeidet for kommunehuset skal nyttast. Denne planen må leggjast fram for kommunestyret når saka skal opp til endeleg behandling der.

Det vert sett av inntil kr 100.000,- til oppgradering av hagen på oppsida av Nordliheimen.

---

### **055/21: Rullering av økonomiplan**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek økonomiplanen 2022-2025 slik han ligg føre.

1. Orientering om førebels økonomiplan 2022 - 2025 vert teke til vitande.
2. Strategidokument for Austrheim kommune vert utarbeidd som grunnlag for endeleg økonomiplan 2022-2025 og lagt fram for kommunestyret i samband med budsjett 2022
3. Rådmannen arbeider vidare med kartlegging av investeringsbehov for å sikre betre økonomisk drift. Eventuelle nye investeringsbehov vert innarbeidd i endeleg framlegg til økonomiplan 2022 - 2025 som skal til politisk handsaming hausten 2021.

### **03.06.2021 FORMANNSKAPET**

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, gjekk gjennom saka.

Ordfører Per Lerøy (Ap) viste til at det i nabokommunar har variert veldig mellom estimata for inntekter og utgifter, det har ein ikkje hatt her i Austrheim.

Per Lerøy (Ap) sa om demografi og utgifter at folk er sprekare enn før opp i alder, men må legga til rette med omsorgsbustader slik at folk kan bu heime lenger, og ha eit tenestetilbod som er tilrettelagt. Rigga Nordliheimen på ein effektiv måte.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at tilbod som Furuly og andre er ein viktig del av dette, Per Lerøy svar at det ikkje er mål at kommunen skal bygga. Bra som på Furuly at det er samla, heimhjelp kan svinga innom fleire bebuarar på same turen.

Inger Lise Brekke (H) sa at kommunen får meir og meir ansvar, for demente, for unge pleietrengande

og for dei som vert raskare utskrivne frå sjukehus etter inngrep eller liknande.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa ein må satsa på at eldre bur heime lengre, og vidare bruk av omsorgsteknologi og bygging av omsorgsbustader.

Inger Lise Brekke (H) spurte om det finnest ei oversikt over kva som ikkje er lovpålagt. Bjørnar Fjellhaug svara at dette skal synleggjerast gjennom budsjettarbeidet. Både sjå på kva tenester ein skal tilby, og kva nivå det skal vera på desse tenestene.

Inger Lise Brekke (H) sa at det kan vera ikkje-lovpålagde tenester der ein ser at ringverknadene er store at det er verdt det å halda oppe støtta.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det også handlar om at eit tilbod som kanskje ikkje er lovpålagt, kan vera det som fører til at folk flyttar til kommunen, og då er det ei investering som er verdt det.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig å satsa på tilflytting, for utviklinga vidare. Om disposisjonsfondet sa Lerøy sa at dette bør formulerast slik at det skal vera på eit visst nivå som snitt over tid, som ein buffer.

Morten Sognnes (H) sa at ein åtte års økonomiplan kan sjåast på som ein strategiplan.

Odd Harald Dommersnes sa at det for åra framover er lagt opp til auke for sektoren helse, omsorg og frivillige tenester, men dei andre sektorane ligg flatt.

Inger Lise Brekke (H) sa at løyvinga til steinalderstien ved Fosnstraumen kan gå ut, andre kan ta denne kostnaden.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er fornuftig om formannskapet tar ei drøfting saman med administrasjonen om kva som skal vera måla for kommunen framover. Gjerne eit møte der ein jobbar med måla, utan å gjera noko vedtak.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det frå budsjettsamlinga 25. mai vart gjort ei slik bestilling om drøftingsmøte, og at det er viktig å setja nokre mål.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er viktig å tenka høgt saman om dette, sjå på kva ein kan gjera for å få folk til å flytta til Austrheim.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er like viktig å halda på dei innbyggjarane ein har, som å få tak i nye.

Per Lerøy (Ap) svara at det må vera første mål å få dei som er frå Austrheim til å bli buande, eller flytta heim igjen.

Morten Sognnes spurte om status for steinalderstien i Fosnstraumen. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er fleire utfordringar her:

- Er gitt midlar frå fylket, men desse kan ikkje brukast til skogrydding.
- Strengt krav på korleis skogryddinga skal gjennomførast.
- Er på annan manns grunn, må anten kjøpa eller få ein langsiktig avtale med grunneigar.
- Har måtta betala tilbake ein del midlar på grunn av sein framdrift, men Riksantikvaren har signalisert at ein kan søka seinare når ein er klare til å gå i gang.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak

### **FS - 073/21 - 03.06.2021 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek økonomiplanen 2022-2025 slik han ligg føre.

### **16.06.2021 KOMMUNESTYRET**

Famlegg KrF foreslått av: Helge Dyrkolbotn

1. Orientering om førebels økonomiplan 2022 - 2025 vert teke til vitande.
2. Strategidokument for Austrheim kommune vert utarbeidd som grunnlag for endeleg økonomiplan 2022-2025 og lagt fram for kommunestyret i samband med budsjett 2022
3. Rådmannen arbeider vidare med kartlegging av investeringsbehov for å sikre betre økonomisk drift. Eventuelle nye investeringsbehov vert innarbeidd i endeleg framlegg til økonomiplan 2022 - 2025 som skal til politisk handsaming hausten 2021.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

- Løpande drift skal finansierast med løpande inntekter.
- Det er krav om rulleringar av økonomiplanen årleg.
- Ser at utgiftene aukar, men ikkje at inntektene aukar.
- Kjem ikkje utanom at ein må gjera nokre prioriteringar.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det skal gjevast nokre signal om føringar for budsjett 2022 og framover. Endeleg vedtak av budsjett og økonomiplan skjer i desembermøtet.

Odd Harald Dommersnes sa at det viktig med føringar. Administrasjonen treng tydelege signal.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han kjenner seg trygg på at økonomisjefen har kontroll på tala. Politikarane må ha kontroll på økonomien og planen framover. Ikkje nøgd med det vedtaket ein gjorde i formannskapet, har nytt framlegg til vedtak:

- 1. Orientering om førebels økonomiplan 2022 - 2025 vert teke til vitande.*
- 2. Strategidokument for Austrheim kommune vert utarbeidd som grunnlag for endeleg økonomiplan 2022-2025 og lagt fram for kommunestyret i samband med budsjett 2022*
- 3. Rådmannen arbeider vidare med kartlegging av investeringsbehov for å sikre betre økonomisk drift. Eventuelle nye investeringsbehov vert innarbeidd i endeleg framlegg til økonomiplan 2022 - 2025 som skal til politisk handsaming hausten 2021.*

Heile kommunestyret vert kalla inn til strategisamling i midten av september. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det vert gjeve nokre føringar frå politisk til administrasjonen under strategiseminaret.

Aslak Bakke (H), spurte om sjukefråværet. Når byrjar alarmen å ula? Når skjer det noko når tala går opp? Bør inn i målsettingane slik at det er klart kommunisert til dei tilsette. Bakke spurte kor mykje som er korttids- og langtidsfråvær. Odd Harald Dommersnes svara at dette med fråvær vert det jobba med gjennom nærværprosjektet.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at han støtta KrF sitt framlegg til vedtak. Må jobba vidare med dette utover hausten.

Handsaming i kommunestyret:  
Samrøystes for KrF sitt framlegg til vedtak.

#### **KS - 055/21 - 16.06.2021 - Vedtak:**

1. Orientering om førebels økonomiplan 2022 - 2025 vert teke til vitande.
2. Strategidokument for Austrheim kommune vert utarbeidd som grunnlag for endeleg økonomiplan 2022-2025 og lagt fram for kommunestyret i samband med budsjett 2022
3. Rådmannen arbeider vidare med kartlegging av investeringsbehov for å sikre betre økonomisk drift. Eventuelle nye investeringsbehov vert innarbeidd i endeleg framlegg til økonomiplan 2022 - 2025 som skal til politisk handsaming hausten 2021.

---

#### **056/21: Ekstraordinær tilførsel til premiefond**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek kommundirektøren sitt framlegg til bruk av ekstraordinær tilførsel til premiefond.



Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, gjekk gjennom saka.  
Dette er midlar som er frigjort, men samstundes er det ikkje midlar som kommunen kan disponera, det vert ståande i pensjonsfondet.  
Handsaming i formannskapet:  
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 074/21 - 03.06.2021 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til bruk av ekstraordinær tilførsel til premiefond.

**16.06.2021 KOMMUNESTYRET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Handsaming i kommunestyret  
Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak:

**KS - 056/21 - 16.06.2021 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til bruk av ekstraordinær tilførsel til premiefond.

-----  
**060/21: Partshjelp til Alver kommune i samband med søksmål frå Equinor**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre støttar at Nettverk for petroleumskommar (NPK) gjev partshjelp til Alver kommune.

Alver tar 70 prosent av kostnadene, medan nettverket tar 30 prosent (av dette er Alver inne med 1/8).

Austrheim kommune stiller seg bak gitt at dei andre kommunane stiller seg bak.

**16.06.2021 KOMMUNESTYRET**

Debatten i denne saka ligg i skjerma utgåve av protokollen.

**KS - 060/21 - 16.06.2021 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre støttar at Nettverk for petroleumskommar (NPK) gjev partshjelp til Alver kommune.

Alver tar 70 prosent av kostnadene, medan nettverket tar 30 prosent (av dette er Alver inne med 1/8).  
Austrheim kommune stiller seg bak gitt at dei andre kommunane stiller seg bak.

-----